

---

**Saksnr:** 2020/49137-25  
**Saksbehandlar** Matti Torgersen  
**Dato:** 10.04.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør infrastruktur og veg

---

### Status for bompengeproposisjon for Kvinnheradpakken

Kvinnheradpakken vart vedteke av fylkestinget 12. desember 2018. Utkast til bompengeproposisjon vart sendt inn i desember 2020 etter at det vart gjort vedtak om endringar i takstopplegget både i Kvinnherad kommune og i fylkesutvalet 26. november 2020.

Etter det fylkesdirektøren kjenner til, ser det ut til at Samferdselsdepartementet ikkje legg opp til å fremje stortingsproposisjon om Kvinnheradpakken for Stortinget i løpet av vårsesjonen i år. Fylkesordførar har difor skrive brev til samferdselsministeren med oppmoding om at proposisjonen blir fremja likevel i vårsesjonen.

Prosjekt i Kvinnheradpakken er starta opp gjennom bruk av fylkeskommunale midlar, først og fremst rassikringsmidlar. På lenger sikt kan konsekvensane bli at prosjektorganisasjonen må byggjast ned.